

STYREPROTOKOLL

Tysdag **18. november 2014** hadde styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, Kårstørommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 1700
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Arne Gjerde (styreleiar) og Torleif Lothe (nestleiar) og Norunn Byrknes (styremedlem)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent
SAKLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 23/14 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 18.09.14

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:
Protokoll frå styremøte 18.09.14 blir godkjent.

Styrehandsaming 18.11.14:
Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 18.11.14:

Protokoll frå styremøte 18.09.14 blir godkjent.

SAK 24/14 – REFERATSAKER 18.11.14

16. Protokoll – lønnsforhandlingane 2014 – rådgivar
17. Protokoll – lønnsforhandlingane 2014 – dagleg leiar
18. Altinn - innføring av A-ordning frå 01.01.15
19. Brev frå SSB om KOSTRA-rapportering frå IKS`er 2014
20. Brev frå Skatt vest om tilleggsopplysningar ved. skattepliktsvurdering
21. Svarbrev av 11.11.14 til Skatt vest frå dagleg leiar

Styrehandsaming 18.11.14:
Dagleg leiar orienterte. Resultata av lønnsforhandlingane i deltakarkommunane og lokale IKS vil bli agt fram seinare.

Samrøystes vedtak 18.11.14:

Styret tar referatsakene 16 - 21 blir tatt til orientering.

SAK 25/14 – STATUSOVERSIKT PR. NOVEMBER 2014

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. november 2014 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 18.11.14:

Dagleg leiar informerte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planer. Styret hadde ingen spesielle merknader. Dato og sted for juleavslutninga blei drøfta.

Samrøystes vedtak 18.11.14:

Statusoversikt pr. november 2014 blir tatt til orientering.

**SAK 26/14 – EVALUERING AV STYREARBEIDET I SELSKAPET –
VURDERING AV RESULTATA**

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret tar resultatet av evaluering av styrearbeidet 2012-14 i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat til orientering.

Styret merker seg

Styrehandsaming 18.11.14:

Styret hadde møtt ein halv time før styremøtet og samla gått gjennom skjema. Dei ulike påstandane var vurdert og det var sett ein talverdi frå 1 til 6 for kvar av påstandane. Tema var: styret som team, styret si arbeidsform, vurdering av den enkelte som styremedlem og styret sitt forhold til dagleg leiar. Resultatet blei presentert for dagleg leiar. Samla var styret svært nøgd og fann ikkje grunn å framheve eller endre på noko etter evalueringa.

Samrøystes vedtak 18.11.14:

Styret tar resultatet av evaluering av styrearbeidet 2012-14 i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat til orientering.

SAK 27/14 – ENDRINGAR AV IKS- LOVEN – HØRINGSUTKAST

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS er orientert om departementet sitt framlegg til endringar i lov om interkommunale selskap.

Styret har ingen merknader til framlegget.

Styrehandsaming 18.11.14:

Dagleg leiar orienterte. Styret var nøgd med å bli orientert om lovutkast og ønsket å bli heldt vidare orientert, etter at høyringsfrist er gått ut og når høyringsuttala ligg føre.

Samrøystes vedtak 18.11.14:

Styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS er orientert om departementet sitt framlegg til endringar i lov om interkommunale selskap.

Styret har ingen merknader til framlegget, men ønskjer ny orientering når høyringsuttala ligg føre.

SAK 28/14 –MØTEPLAN FOR 2015

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2015:

tysdag 03.02, 09.04, 01.09 og 17.11 kl. 15.30 eller 16.00.

Dagleg leiar kan i samråd med utvalsleiar endre møtedato når det er naudsynt.

Styrehandsaming 18.11.14:

Dagleg leiar orienterte. I fyrste møte vert førebels rekneskap 2014 og årsmelding presentert før oversending til revisor. I neste møte i april er revisjonsmeldinga tatt med og budsjettframlegg 2016. Dato for representantskapsmøtet vert 27. april. Styret hadde ingen merknader til plan. Klokkeslett vil avhenge av Byrknes sin turnusplan.

Samrøystes vedtak 18.11.14:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2015:

tysdag 03.02, 09.04, 01.09 og 17.11 kl. 15.30 eller 16.00.

Dagleg leiar kan i samråd med utvalsleiar endre møtedato når det er naudsynt.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt eller tatt opp i møtet.

Neste møte: **tysdag 3. februar kl. 16.00.**

Aksdal, 18. november 2014

Arne Gjerde
Styreleiar

Toril Hallsjø
Dagleg leiar